
ÅSERAL ARBEIDERPARTI

PARTIPROGRAM 2023-2027



Åseral Arbeiderparti

Sjølvstendige og trygge enkeltmenneske legg grunnlaget for eit raust lokalsamfunn og fellesskap. Den enkelte innbyggar er viktig for Åseral-samfunnet, og me treng alle som vil leva liva sine her. Me vil satse spesielt for at yngre menneske og barnefamiliar blir verande og vel å etablere seg i kommunen vår.

Arbeiderpartiet meiner at god politikk handlar om å gi alle moglegheit for eit godt liv uavhengig av familiebakgrunn, sosial status, kjønn, funksjonsevne, etnisitet, økonomi eller geografi.

Me vil arbeide for at alle får ein god oppvekst som gjer dei unge sjølvstendige, trygge og rause og eit samfunn som fangar opp den som treng det og bidreg til ein trygg og meiningsfull alderdom. For Arbeiderpartiet er folkehelsearbeid fundamentet i helsepolitikken.

Alle som bur her må få tilgang til det mangfaldige fritidstilbodet me har, og til gode kultur- og naturopplevingar. Eit godt kultur- og fritidstilbod gir livskvalitet, inspirasjon, refleksjon og skapar fellesskap.

Det er viktig å leggje til rette for vekst og utvikling. Difor er næringsareal, bustadtomter og spreidd busetjing ein prioritet. Arbeid til alle er vår hovudsak. Me vil ha flest mogleg ut i meiningsfull aktivitet og arbeid, og styrke breidda i arbeidslivet. Me vil støtte opp om både etablerte og nye næringar.

1 Politisk arbeid, demokrati og samarbeid

Styrke politikarane si ombods- og styringsrolle.

Oppmode til godt samarbeid mellom dei ulike partia, med administrasjonen og innbyggjarane til det beste for kommunen.

Oppretthalde Åseral som eigen sjølvstendig kommune – vere pådrivar for godt samarbeid i Setesdalsregionen.

Sørge for at grunneigarar vert tidleg involvert og høyrde i saker som angår dei.

Arbeide for likebehandling og openheit i forvaltninga.

2 Born og unge

Arbeide for billigare barnehage.

Halda fram med gratis SFO og gratis måltid i skule og barnehage med auka fokus på god kvalitet og varm mat.

Legga til rette for å få ei dysleksivenleg skule.

Halda fram med fokus på tidleg innsats og universelle løysingar i skulen og barnehagen.

Arbeide for å oppretthalde og styrke vidaregåande opplæring på Byremo og Hornnes VGS.

Styrke desentralisert utdanning i indre Agder.

At kommunen aukar inntak av lærlingar og stimulere privat næringsliv til å ta inn lærlingar.

Stipendordning og sommarjobbgaranti skal vidareførast.

Sikre medverknad av ungdomsrådet og sikre ungdommen gode lokalar.

Arbeide for rimeleg alpinkort til born og unge.

3 Folkehelse, eldreomsorg og integrering

Tilby heiltidsstillingar, redusere ufrivillig deltid og bruk av vikarbyrå i kommunen.

Oppretthalde og levere god mat til dei eldre frå kjøkkenet på Åseralsheimen.

Auke fokus på vedlikehald av dagens turløyper, leikeplassar i byggefelt, badeplassar og fiskeplassar.

At menneske med redusert arbeidsevne skal ha høve til å nytte sitt potensiale - der er Aktiv Åseral ein viktig bedrift.

Oppretthalde god lokal ordning for legevakt, ambulanse og fastlege.

Legge til rette for frivillig arbeid hjå lag og foreiningar i Åseral og auke det kommunale tilskotet.

Sikre vidare drift og utvikling av Åseral frivilligsentral, og få på plass frivilligerklæring.

Legge til rette for nye innbyggarar.

Ta godt imot flyktningar og legge til rette for deltaking og trivsel i lokalmiljøet.

Styrke kommunale tenester og velferdsteknologi slik at alle kan bu heime så lenge dei ynskjer, samt legge til rett for sentrumsnære leilegheiter for dei som ynskjer det.

”Me vil arbeide for at alle får ein god oppvekst som gjer dei unge sjølvstendige, trygge og rause og eit samfunn som fangar opp den som treng det og bidreg til ein trygg og meiningsfull alderdom.”

4 Bulyst, næring, landbruk og samferdsel

Legge til rette for framtidsretta sentrumsutvikling der eksisterande bygningsmasse Oppas og Svendstova bør rivast.

Legge til rette for leilegheiter og næring i sentrum.

Legge til rette for både spreidd bustadbygging og gode bustadfelt. Auke tilskot til bustadbygging til 300 000,- .

Arbeide for at grunneigarar som ikkje tidlegare har fått løyve, får løyve til å setje opp to fritidsbustader pr. gardsbruk.

Vera ein støttespelar, rådgjevar og samarbeidspartnar for næringslivet og arbeide for at fleire etablerer seg her i Åseral.

Ha faste næringslunsjar og møteplassar for å stimulere til samarbeid og utvikling.

Arbeide for lokale innkjøp av varer og tenester, og lokale innkjøp i kommunale prosjekt og rammeavtaler.

Landbruket er viktig som stadbunden næring, for beredskap, mattryggleik, bevaring av kulturlandskapet og for busetting i Åseral.

Oppretthalde skotpremie på rev.

Vidareutvikle og stø opp om heilårsturisme for å utnytte potensialet i hytteområda våre.

Arbeide for at kommunale- og fylkesvegar har asfalt, god standard og godt vedlikehald både sommar- og vinterstid. Godt tilrettelagde rasteplassar.

Arbeide for oppstillingsplass og tømmestasjon for bubilar.

Etablere sykkel- og gangstiar i Kyrkjebygd og få på plass trafikktryggleikstiltak.

Ny bru til Torsland.

Godt utbygd fibernett og ladestasjonar.

Arbeide for AKT-svipp til Åseral, eller liknande løysingar og bra busstilbod.

5 Ei positiv kraft

Om kommunen får vedvarende høge inntekter pga høge straumpriser, skal næringsliv og innbyggjarar nyte godt av det.

Stimulere til energieffektivisering og energiproduksjon.

Sikre offentleg og lokalt eigarskap over energiproduksjon og viktige naturressursar.

Seie nei til vindkraft i Åseral kommune

Positive til solkraft.

Arbeide for å optimalisere vann krafta, vera ein pådrivar for utbygging av mini- og småkraftverk.

6 Kultur og fritid

Samarbeide med grunneigarar for å få til friområde for snøscooterkjøring.

Snøscooteren skal vere ein del av fritida i kommunen.

Støtte opp om festivalar og marknadar i kommunen.

Arbeide vidare/støtte opp om tiltak som Bruk Håve, Gøy på landet i Åseral og liknande.

Oppretthalde ei god og variert kulturskule, samt redusere prisene.

Frivillig arbeid står sterk i Åseral. Det er viktig å fortsatt stimulere til at slikt arbeid som idrettslag, skytterlag og andre lag og foreiningar gjer, blir verdsatt og at det famnar bredt i lokalsamfunnet.

At kulturen i Åseral bør ha rotfeste på Minne Kultursenter. Kultursenteret er den naturlege møteplass for aktivitetar og andre arrangement.

Drive haldningsskapande arbeid mot ruskjøyring i samarbeid med frivillige organisasjonar.

Listekandidater



Inger Lise Lund Stulien



Inger Lise Austrud



Sigbjørn Heggdal



Natalie Sannes Smeland



Jan Rune Øvland



Margot Handeland



Roger Thorsland



Jan Arild Bjørndal



Olaf Håberg

ÅSERAL ARBEIDERPARTI

LAYOUT I SARA BJØRNDAL

